

## Kommunedelplanen

Sæbø Skulemusikklag vart stifta i 1971. Korpset feira sitt 50 års jubileum i 2021. Skulemusikken rekrutterer frå Sæbø Skule med om lag 100 elever. Korpstradisjonen står sterkt i bygda og Sæbø Skulemusikklag har gode plasseringer i NM og øvrige festivaler å vise til. Korpset har slitt i nokre år med rekruttering. På slutten av 2019 fekk vi tildelt ekstra prosjektmidler frå tidlegare Radøy Kommune. Saman med ein svært dyktig og engasjert dirigent fekk vi til å starte eit gratistilbod til born på Sæbø skule i samarbeid med SFO. Vi har kalla det Leikekorpset og det har vore svært positivt i forhold til rekruttering til korpset. Dette har vore ein suksess og har blitt viderført som ein prioritert aktivitet på Sæbø Skule også i dag. Dette har igjen ført til at for første gang i Sæbø Skulemusikklag sin 52 år gamle historie, deltar i konkurranse med sitt eget juniorkorps.

Hovedkorpset deltar denne sesongen for første gang på ein del år som Skulekorps i 3 divisjon, tidlegare har ein måtte delta i konkurranser som eit samarbeidskorps eller generasjonskorps.

Vi hadde nok ikkje fått til denne utviklingen, i hvert fall ikkje så raskt, hvis me ikkje hadde fått ekstra prosjektmidler og eit godt samarbeid med SFO, så me er veldig glad på alle korps i Alver sine vegne at ein skal sjå etter tiltak i SFO tida som kan styrke rekruttering og aspirantarbeid.

Me syns sjølv at me er eit godt eksempel på at denne form for rekrutteringstiltak er utelukkande positivt både for elevane og skulekorpsa. Nokre musikantene velger å «hoppe» av den vidare reise til skulekorpset, men har på sin vei fått mulighet til å utvikle musikalsk forståelse og lære seg noter. Så me syns dette er ein vinn vinn situasjon for både skulen og skulekorpsa.

Korps er utruleg kjekt, men også veldig kostbart. Det er fleire korps som rekrutterer frå kringser med lavt folketal, dvs at det ikkje alltid er ei stor foreldregruppe som skal få inn dugnadspenger og støtte for å drive eit korps. Direksjon koster omtrent det samme om det er eit stort korps med store rekrutteringsmuligheter, som det er for dei små korpsa med mindre muligheter for god rekruttering. Derfor er alle korpsa avhengig av rimelig direksjon for å kunne fortsette drifta av skulekorpsa.

Mange skulemusikanter opplever at når dei speler i korps må dei ofte forvare hobbyen sin, dette gjelder spesielt i ungdomstida. NMF holder på å

gjennomføre prosjektet sitt, Ungdomsløftet. Dette pga at det er mange ungdommer som slutter i korps. Ungdommer har behov for motivasjon og musikalsk utvikling innenfor trygge rammer. Dette får dei i vaksenkorps. Derfor er det veldig viktig at også vaksenkorps for økonomisk støtte frå Alver kommune.

Sæbø Skulemusikklag, ved leiar Evelyn Askeland